

160

Ei gruvfull æva.

Det vert vel ei gruveleg, pinefull natt,
når syndi i æva finn syndaren att.
Guds kall og hans Frelse dei vende seg frå.
Og difor sin dom dei i æva laut få.

Dei vanvyrde Frelsa i tru på Guds Lam.
Men kjenner kje noko til anger og skam,
for syndi sin hug, som til verdi deim batt,
han fylgjer dei inn i den fælslege natt.

Dei missbrukte evnor og bortkasta år,
dei logar i barmen, som svidande sår.
Si vantru og hovmod og svikfulle sinn
og trass i mot Gud, dei i Helvitet finn.

Dei er som den rasande løva i bur.
Men Helvitet møter dei, kvar dei seg snur,
med eld og med ormar som millom dei renn,
med tørst som på tunga og lippone brenn.

For mange av desse¹avart tidi so stutt.
For alle, fekk livet ein gruveleg slutt.
Men var der vel nokon som tenkte, skal tru,
at dei skulde hamna i Helvites gru - -?

Lat desse få vera åtvaring for oss
som liver med kall i frå Golgata Kross.
Å, fly til Guds Son. Med hans vener slå lag.
Men skund Deg. Det hastar. Vend om no i dag.

Johs.M.L.Rydland.